

32. ORDENS- OG TRIVSELSREGLAR FORSAND SKULE.

(Vedteke i SU 24.01.07)

Skal skulen vera ein god arbeidsplass, må me ta godt vare på kvarandre, og arbeida aktivt for at alle skal kjenna seg trygge.

I dette arbeidet er me alle like viktige.

Alle har ansvar for å ta vare på bygningar, inventar og materiell.

Skulevegen

Det er kommunen som har ansvar for at du har ein trygg skuleveg. Opplever du noko som ser farleg ut, er det viktig at du straks seier ifrå til læraren din eller foreldra dine. Alle må følgja trafikkreglane. I bussane har 1.-4. trinn dei fremste plassane, så mellomtrinnet, så ungdomstrinnet. Av og til kan det vera trangt om plassen på bussen, og då er det ekstra viktig at du sjølv er med på å skapa eit godt miljø. Hugs at mobbereglane også gjeld på skulevegen.

(Sjå vedlegg)

I skulegarden

Ordensreglane kan aldri skapa trivsel åleine. I skulegarden, som alle andre stader der menneske er ilag, er me alle med på å skape eit miljø omkring oss - godt eller dårleg. Mobbing, krangel og sjau skaper utrygge elevar. Difor skal det alltid vera vakt ute i friminutta, og **du må visa mot til å seie ifrå om du sjølv blir plaga eller om du ser at andre blir plaga.** Det er ikkje lov å mobba. Er du blant dei som likar «å slå med ord»? Tenk deg om. Mobbereglane gjeld på heile skulen.

Syklane skal stå i stativa eller i leskuret. Mopedane skal parkerast på parkeringsplassen. Det er ikkje lov å sykla eller bruka moped i skulegarden.

Rollerblades og skateboard: Elevane på 5.-10. trinn kan bruka desse på vegen langs skulebygga mot T. Hagen. NB! Dei må ha fullt tryggleiksutstyr.

I klasserommet

Klasserommet er den viktigaste arbeidsplassen din. Der kan læraren og elevane sjølv laga reglar for koss dei vil ha det ilag. Du kan få ansvar for å vera ordensvakt og medhjelpar for læraren. Hentar du utstyr til undervisninga, er det viktig at du alltid set det tilbake på plass etter bruk. Uorden skaper dårleg arbeidsmiljø, og gjer arbeidet unødig surt for alle.

Rydd opp når du ser det trengst. Spør ikkje kven som har gjort det.

Bruk innesko inne! Utesko skal stå i garderoben.

I friminutta

I alle friminutt er elevane ute. 8. – 10.trinn har lov å vera i området rundt kulturhuset og på sykkelstien til Steinberg. Dei andre elevane skal vera i skuleområdet. I matfriminuttet kan ungdomsskule-elevane gå ut når dei har ete. Dei har lov til å vera inne til kl 11.20.

5.-7.trinn har lov til å gå på biblioteket. Ordensreglane gjeld også her.

På barnetrinnet skal læraren vera saman med elevane til kl 11.10

I klasserommet skal det vera rolege aktivitetar. Elevane har berre lov til å vera inne i eigne klasserom.

I mediateket/ aktivitetsrommet.

I mediatek/aktivitetsrommet skal det vera arbeidsro. Bruk rommet fornuftig og etter avtale med lærar. Aktivitetsrommet skal ikkje brukast til gjennomgang. Brot på reglane medfører utestenging frå bruk av rommet.

HUGS: Klassen har ryddeveke i mediateket/aktivitetsrommet. Sjå oppslag.

Når snøen kjem

Snøen skaper glede, **men me skal ikkje leika oss med å kasta snøball på kvarandre.** Det er lov å kaste snøball på trevegg mot symjehall og murvegg ved ATO, men altså ikkje på eller i retning av personar. Ausstida av vollen mot Landa kan nyttast til organisert leik og aktivitet.

Rusmiddel og tobakk

Det er forbode å ha med og bruka rusmiddel og tobakk på skuleområdet og ved arrangement som skulen lagar til.

Snop

Det er ikkje lov å ha med snop på skulen.

Nye bøker

VIKTIG: Når det blir delt ut bøker, må du leggja bre på dei. Om hausten må det vera gjort innan utgangen av august.

Telefon

Elevane kan nytta telefonboksen i hovudinngangen i friminutta.

Mobiltelefon

Mobiltelefon på skulen skal vera avslått og plassert i sekk/bag. Mobiltelefon kan berre brukast etter løyve frå lærar. Telefonen er elevane heilt og fullt ansvarlege for.

Søknad om fri for elevar

Når ein elev treng fri skal føresette søka skriftleg til kontaktlærar når det gjeld 1 dag. Treng ein fri fleire dagar, skal ein nytta skjema som ligg på skulen sine heimesider. Søknaden skal godkjennast av rektor/rådmann.

Sykkelhjelm

Skulen skal vera ein trygg stad å vera. Derfor er me nøye når det gjeld tryggleik. Elevane skal bruka sykkelhjelm når dei er på sykkeltur med skulen.

Datamaskinane

Kan bare brukast etter avtale med lærar/vaksne. Dette gjeld i klasserom, mediatek og datarom. Misbruk kan føra til "utestenging" frå bruk av maskinane.

Erstatning/oppgjer

Me er alle interesserte i at skulebygningane, uteområde, inventar og utstyr vert godt vedlikehaldne og tekne vare på. Dersom nokon øydelegg ting, må dette erstattast etter avtale.

Brot på reglane

Når det skjer brot på reglane, er det viktig at eleven og læraren tek dette opp og snakkar saman om det. I klasseråd kan elevane drøfta fellesproblem og koma med framlegg til løysingar. Skulen og heimen bør ha god kontakt og eit nært samarbeid i konfliktløysing, og saman ta ansvar for eit godt læringsmiljø.

Tiltak som kan nyttast ved brot på reglane:

- munnleg påtale
- heimen blir varsla
- nedsett ordens- og /eller åtferdskarakter
- andre instansar blir kobla inn
- ved alvorlege brot på ordensreglane eller allmenne reglar for god framferd, kan ein elev visast bort frå skulen eller nektast å vera med på tilstellingar og turar skulen skipar til.
- **UTVISING:** elevar i 8.-10. klasse som alvorleg og fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort inntil 3 dagar. Elevar i 1.-7. klasse kan visast bort for resten av dagen. Foreldra blir varsla ved slike tiltak.

Orden og åtferd

Nedsett karakter i orden og åtferd er den vanlegaste forma for reaksjon ved brot på reglar. I skulelova står det:

- **Orden**

"Ved fastsetjing av karakter i orden tek ein omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats og følgjer dei ordensreglane som er fastsette for kvar skule. Ugyldig fråvær skal reknast som brot på ordensreglane."

- **Åtferd**

"Ved fastsetjing av karakter i åtferd tek ein omsyn til korleis eleven ter seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvaret for tilsyn med elevane. Ein skal serleg leggja vekt på korleis eleven ter seg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan og ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre på skulevegen."

For at desse karakterane skal bli mest muleg rettferdige, gjer læraren eigne notat. Dette kallar me merknader. Desse merknadane er ikkje ei straff, men eit notat til bruk ved karakteroppgjeret.

Til foreldre/føresette til elevar ved Forsand skule skuleåret 2009-2010:

Me har lest gjennom ordensreglar og trivselsreglar saman med

namnet på eleven

underskrift foreldre/føresette

Bilete på heimesider

Skulen har eiga Internettside. Her kan det bli brukt bilete av elevane i samband med prosjekt, reportasjar o.l. Er det greitt at det kan brukast bilete av eleven du er føresett for, kryssar du av i ruta under

Bading

Kryss av i ruta under dersom det er greitt at eleven får lov til å delta i utendørs badeaktivitetar i skuleåret 2009/2010

Transport i bil

Ved turar kan det vera naudsynt å frakta elevar i private bilar eller buss. Borna skal vera sikra i bil etter gjeldande reglar. Kryss av dersom det er greitt at eleven blir frakta i privatbilar/minibuss. Kryss av dersom de kan vera hjelsame med pute/sete når det er påkrevd. (Nye reglar mai 2006, sjå www.tryggtrafikk.no) Desse reglane gjeld inntil skulen får nye reglar frå sentralt hald.

Transport i bil

Pute/sete

Slippen skal leverast tilbake til skulen, via klassestyrar, innan 31.08.09

Forsand skule

Ingunn Varhaug
Rektor